

# Kvinnheringen

European  
Newspaper  
AWARD

FREDAG

30. JUNI 2017 • NR. 72 • 45. årgang • Laussal kr 25,- • Telefon 53 48 21 30

«Vi skriv framleis  
ut litt for mange  
naudpass»

Lensmann Jan L. Fosse, side 3

## BRANN-FEBER



◆ SIDE 8 OG 9

Denne veka har det vore fotballskular både på Husnes og i Rosendal. På sistnemde stad var besøk av brannspelarar som vanleg populært. På bildet er det Gáute Tungevik som sikrar seg ein «selfie» saman med Brann-spiss Torgeir Børven.



## CLAS OHLSON TIL HUSNES

Den populære kjeda Clas Ohlson vil etablere butikk i Husnes Storsenter våren 2018. Det ser både regionsjef Pål Eilertsen (t.v.) og senterleiar Geir Jakobsen fram til. Den nye butikken vil gi 10–12 nye arbeidsplassar.

◆ SIDE 4

# SAL OG NYETABLERING SKAPAR NYE JOBBAR



Frank Søllesvik har sett S Prosjekt Skadeservice til det landsomfattende selskapet Reco Bygg og Skadeteknikk. På sikt blir Børnes hovudbasen for avdelinga for Sunnhordland og Hardanger. Det vil i første omgang bli seks tilsette, potensialet er opp til 12. På bildet ser vi f.v. regionsjef i Reco Bygg og Skadeteknikk, Lasse Brenden, dagleg leiar Harald Harangen og Frank Søllesvik, S Prosjekt Skadeservice.

◆ SIDE 3

**SPAR** **EUROSPAR**

Rømmegrøt  
350g, Fjordland 28,57/kg

**10<sup>00</sup>**

**Fjordland Rømmegrøt**  
En tradisjonell norsk rømmegrøt.  
UTEN TILSAT SURKER I PORSJON

**10 KRONERS marked**

Pepsi Max  
0,33l boks + pant,  
Ringnes 16,67/l

**2 for 10<sup>00</sup>**

**pepsi MAX**  
maximum taste  
no sugar

**pepsi MAX**  
maximum taste  
no sugar

Tilbudene gjelder t.o.m lørdag 2/7. For åpningstider se spar.no. Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

7 090023750016

# Selde til konkurrenten, skapar nye arbeidsplassar i Kvinnherad

**Frank Søllesvik har selde bedrifta si til Reco Bygg og Skadeteknikk AS som etablerer seg i Kvinnherad med nye arbeidsplassar.**

ARNE LINDEFLATEN  
arne@kvinnheringen.no

Sidan 2012 har Frank Søllesvik, som då selde Kvinnherad Bygg, drive bedrifta, S Prosjekt Skadeservice. Det har vore tre tilsette i bedrifta som har nyttat seg av fleire underleverandørar.

Reco Bygg og Skadeteknikk AS har hovudkontor i Oslo og avdelingskontor over heile Norge. Bedrifta har rundt 150 tilsette og har over 4.000 oppdrag i året. Kundegruppa er i hovudsak forsikringsselskap, eigedomsselskap og kommunar. Både S Prosjekt Skadeservice og Reco har spesialisert seg på skadesanering og tilbakeføring hovudsakleg etter brann- og vasskadar, men òg etter naturskadar og andre ulike skadar.

– Arbeidsoppgåvane er svært varierte, seier Frank Søllesvik.

Hovudmarknaden hans har vore Kvinnherad, Jondal og Odda. Dei seks siste månadane har han vore etablert med kontor i Odda.

Reco Bygg og Skadeteknikk og S Prosjekt Skadeservice har vore konkurrentar, men no kjøper storebror opp den Kvinnherad-baserte bedrifta og etablerer ei avdeling for Sunnhordland og Hardanger med hovudsete på Børnes i Uskedalen.

– Frank Søllesvik har overbevist oss. Han har gjort ting på rett måte og har skaffa seg eit godt renommé hos oppdragsgevarane, seier dagleg leiar i



**TIDLEGARE KONKURRENTAR:** Tidlegare var dei konkurrentar, no skal dei jobba i same bedrift. Frå venstre Harald Harangen, dagleg leiar i Reco Bygg og Skadeteknikk som har kjøpt opp S Prosjekt Skadeservice, Frank Søllesvik og regionsjef Lasse Brenden.

Reco Bygg og Skadeteknikk AS, Harald Harangen.

Frank Søllesvik tenkjer framtid når han no har valt å selja.

– Grunnen til at vi sel, er at vi ønskjer å posisjonera oss for framtida. Oppdragsgjevarane ønskjer seg større einingar, seier han.

Reco Bygg og Skadeteknikk har rammeavtalar med fleire store forsikringsselskap.

## 12 tilsette

Fra 1. september er det nye selskapet operativt i Kvinnherad. I første omgang vert det seks tilsette, men potensialet

er 12 tilsette. I tillegg kjem alle lokale underleverandørar som vil bli leigde inn i ulike prosjekt.

– Dette er positivt for Kvinnherad som vil få bevare dei eksisterande arbeidsplassane, og i tillegg få nye som følgje av denne etableringa, seier Søllesvik.

I første omgang vil bedrifta leiga lokale, men på sikt vert Børnes i Uskedalen hovudbasen. Her har Søllesvik Holding kjøpt eit stort areal som i desse dagar vert planert og gjort klart for framtidige bygg.

– Det som skjer no er at eigaren av Reco Bygg og Skadeteknikk AS, Steinar Myklebust,

går inn som medeigar i eit nytt eigedomsselskap saman med Søllesvik Holding, fortel Søllesvik.

Sidan starten på nyåret har det vore forhandlingar mellom bedrifta hans og det landsdekkjande selskapet.

– Ein viktig årsak til at eg no valde å selja til Reco, var at dei vil halda på det lokale, slik det har vore. Dei ønskjer ikkje å endra noko. I tillegg vil samanslåinga føra til større tilgang på oppdrag, seier Søllesvik.

Han vert dagleg leiar for den nye avdelinga for Sunnhordland og Hardanger.

– Kva vil skje med dei lokale underleverandørane som du har nyttat i ditt selskap?

– Her vert det ingen endring. Vi vil nyttat dei same underleverandørane. Med den nye etableringa vil det bli fleire oppdrag, det vil òg generera fleire oppdrag for underleverandørane, meiner Søllesvik.

Sidan starten i 2012 har bedrifta hans hatt ei eventyrleg utvikling. Frå ei omsetning det første året på 1,2 millionar, viser rekneskapstala for 2015 og 2016 ein omsetnad på 12 millionar kvart år.

## Sjekk passet først, så kan du bestilla reisa

**Det er høgsesong for feriereiser, og det betyr ekstra «trøkk» ved Kvinnherad lensmannskontor på passbestillingar.**

MONA GRØNNINGEN  
mona@kvinnheringen.no

Lensmann Jan L. Fosse fortel at dei har hatt så mykje som mellom 30 og 40 pass-søkjavarar innom i løpet av ein dag, og oppmodar igjen om at folk må vera tidleg ute.

– Sjekk passet ditt før du bestiller reisa. Vi skriv framleis ut litt for mange naudpass.

Lensmannen minnar om at det er ulike passreglar ut frå kva land du skal reisa til. Derfor bør ein sjekka kor lenge passet er gyldig – nokre land krev at passet må vera gyldig fleire månader etter at du kjem heim.

– No tar det minst 14 dagar å få nytt pass frå du bestiller hos oss, og jo tettare du kjem på avreisedagen, desto lengre tid tar passproduksjonen.

Fosse seier folk ikkje må

«gambla» på å bli redda av naudpass.

– Skal du ha naudpass til ein heil familie kan det bli dyrt. Har du eit gyldig pass men har mista eller gløymt det, så blir passet du har frå før kansellert når du bestiller naudpass, og då må du ha nytt pass seinare.

Trugselsituasjonar i einskilde land, i tillegg til flyktningstraumen i Europa, kan også gjera at grensekontrollen blir skjerpa, og at du treng pass for å reisa inn i land som du tidlegare ikkje trøng pass for.

Lensmannskontoret på

Husnes har ordinære opningstider i ferien, men Fosse vil likevel at folk skal vera tidleg ute.

– Mange er no heimom Kvinnherad og nyttar høvet til å bestilla pass fordi køen er så lang i byane. Det betyr større press enn vanleg hos oss. I tillegg er vi avhengige av å bestilla passa via eit datasystem, og som dei fleste veit kan slike datasystem krasja eller ha nedetid. For å unngå stress bør folk derfor vera ute i god tid.

På Politin.no finn du informasjon om passreglar.

## Storsenteret på nye hender

Midgard Gruppen AS har kjøpt Husnes Storsenter av Storebrand Eiendomsfond AS. Nærare informasjon om kjøpet og den nye eigaren sine tankar om storsenteret er informasjon som i skrivande stund ikkje er gjort kjent. Derfor kjem vi tilbake til det.

Midgard Gruppen AS er eit eigedomsselskap som driv med langsiktig utleige av bustad- og næringseigedomar, dessutan kjøp og sal av eigedomar og eigedomutvikling.

Selskapet har hovudverksemada si i Bergen, men har òg eigedomar i Litauen, Ålesund og Haugesund.